



Dato: 27.03.2019  
Vår ref.: 2018/16480-84  
Saksbehandlar: marsolh

## Høyringsvar til felles anleggs- og tildelingspolitikk for spelemidler til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune 2020 - 2024

Fylkeseldrerådet i Hordaland har handsama høyringsutkastet i rådet sitt arbeidsutval og har hatt forslag til høyringsvar ute til kommentar på e-post til rådsmedlemmene. Høyringsvaret har fått tilslutnad frå medlemmene i rådet.

Fylkeseldrerådet har konsentrert svaret sitt om kapittel 4.6 «Fylkeskommunle kriterier for fordeling av spelemidler» og kapittel 5 «Handlingsprogram for tiltak.»

### Kapitel 4.6

Fylkeseldrerådet støttar at alle kommunar skal få tilskot til minimum eitt nærmiljøanlegg, og at søknader som gjeld tilrettelegging for friluftsliv blir prioriterte på det viset at dei skal kunna få tildeling også første søknadsåret.

### Kapitel 5

I innleiinga til dette kapitlet blir det sagt at tiltaka skal realisera visjonen *Fysisk Aktiv Kvar Dag*. Dette er ei målsetting som alle eldre blir rådd til å ha, så Fylkeseldrerådet sluttar seg fullt og heilt til formuleringane i innleiinga til kapitlet. Rådet er sams i at for å oppnå visjonen, så må anlegg for fysisk aktivitet og friluftsliv vera tilgjengelege i nærmiljøet.

*For eldre personar er det viktig å vera i fysisk aktivitet for å ha god helse lengst mogleg. Dersom det er mogleg å trimma eller gå tur, lang eller kort, i nærleiken av bustaden, så er det meir sannsynleg at tilboda blir nytta.*

### Kommentarar til enkelte tiltak i kapittel 5

Fylkeseldrerådet kan slutta seg til alle dei 15 tiltaka som er nemnde, men vil spesielt gi kommentar til enkelte av dei.

#### TILTAK 2

Her kunne ein tatt med at planar for fysisk aktivitet *skal synleggjera tiltak som er tilpassa eldre.*

#### TILTAK 3 og 5

##### *Om tilgang til basseng*

Etter fylkesrådet si meining, så bør «vuderast å oppretta» i første line endrast til: «Det skal opprettast eit felles regionalt program for basseng og idrettshallar.....»

Fylkeselderådet er særleg opptatt av tilgang til basseng av to grunnar;

1. *Dei eldre*: Det er anerkjent at symjing er ein aktivitet der ein får brukt svært mange musklar og som også gir god pustetrening. Gymnastikk er ei form for fysisk aktivitet som er lettare å gjennomføra i oppvarma bassengvatn enn på land på grunn av oppdrifta og varmen som vatnet gir.

2. *Dei unge*: Det er viktig at alle born i Noreg lærar å symja, sjølv om dei ikkje bur nær fjord, vatn eller elv. Mange familiar med born reiser både til badeland og til strand og hav i innland og utland. Sjølv under eit uskuldig besøk i eit badeland kan ein koma i ein situasjon der det er bra å kunna symja og vita korleis ein skal koma seg opp av vatnet.

#### TILTAK 7

Dette er eit godt tiltak som fylkeseldrerådet støttar at også blir gjennomført i tidlegare Hordaland fylke. Slike område bør vera opne for nærområdet etter skuletid.

#### TILTAK 8

Dette er eit svært positivt tiltak som fylkeseldrerådet støttar fullt ut. Stien eller vegen fram til slike hytter bør liggje slik til i terrenget og utformast på ein slik måte at også eldre kan ta seg lett fram sjølv om dei ikkje er 100% spreke. Døme på tilrettelegging: Rekkverk i stigningar/unnabakke, riktig forhold mellom opptrinn og inntrinn dersom det er trapper, slik at dei er lette å gå i, benkar undervegs der ein kan kvile etc.

#### TILTAK 10, 11 OG 12

Alle desse tiltaka har med kompetanse og kvalitetsoppfølging å gjera. Fylkeseldrerådet er nøgd med at også desse elementa er med i handlingsprogrammet.

Fylkeseldrerådet har sett pris på å vera høyringsinstans for dette politiske dokumentet, og ser fram til å følgja med på korleis handlingsprogrammet vert sett i verk når Vestland fylke skal byrja tilveret sitt.

Fylkeseldrerådet i Hordaland

Gunda Falao Sparre  
leiar for fylkeseldrerådet